



## **Plan for idrett- og friluftsliv, revidert utgåve 2022-2025**



**FITJAR**

## Innholdsliste:

|  |       |
|--|-------|
| Samandrag  | s 2   |
| Innleiing og planprosess                                   | s 2-3 |
| Overordna målsetjing                                       | s 3   |
| Helsedirektoratet sine anbefalingar                        | s 4   |
| Bakgrunn for planen og forhold til andre planar            | s 5-6 |
| Folkehelse   | s 6-7 |
| Evaluering av førre plan                                   | s 8   |
| Status tiltak plan 2014 – 2024                             | s 9   |
| Status idrettsanlegg i Fitjar kommune                      | s 10  |
| Status og behov for oppgradering av anlegg                 | s 11  |
| Kriterier for spelemidlar                                  | s 11  |
| Fitjar idrettsråd  | s 13  |
| Reint idrettslag/antidoping                                | s 14  |
| Organisert og eigenorganisert aktivitet                    | s 15  |
| Friluftsliv  | s 23  |
| Sikra areal for friluftsliv og framlegg til<br>omsynssonar | s 25  |
| Friluftsrådet Vest   | s 27  |
| Stord/Fitjar turlag  | s 27  |
| Område for frileik og friluftsliv                          | s 29  |
| Innspel om planlagde tiltak frå lag og org.                | s 31  |
| Prioritert handlingsplan 2022 – 2025                       | s 34  |
| Avsluttande kommentar                                      | s 35  |
| Styringsdokument   | s 36  |

## **Plan for idrett- og friluftsliv, revidert utgåve 2022 – 2025**

### **SAMANDRAG**

Fitjar kommune laga i 2014 ny plan for idrett- og friluftsliv for perioden 2014 - 2024. Planen er etterkvart svært utdatert, og krav om ny langtidsplanlegging gjer det naudsynt at den vert revidert i 2021. Ein vel å la planen gjelda i tråd med Fitjar kommune sin langtidsplan for perioden 2022-2025.

Planen legg framleis føringar på å halda eit auka fokus på sjølve aktiviteten som føregår på anlegga. (Kultur- og kirkedepartementet 2007)

Planen tek for seg tre hovudområde; idrett (organisert), fysisk aktivitet (eigenorganisert) og friluftsliv.

### **Mål for planen:**

- ✓ Innbyggjarane i Fitjar skal kunne oppleva å få driva idrett og fysisk aktivitet, gjennom organisert idrett, uorganisert aktivitet og gjennom friluftsliv.
- ✓ Leggja til rette for å auka den fysiske aktiviteten, særleg til menneske og grupper som treng meir tilrettelagte tilbod.

### **Tiltak for å nå målet:**

- ✓ Informasjon om dei ulike aktivitetstilboda må nå fram til alle, med særleg vekt på dei prioriterte målgruppene, barn, unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
- ✓ Laga rutinar for å nå dei inaktive, og andre sårbare grupper som me veit vil ha nytte av helsefremjande fysisk aktivitet.
- ✓ Aktivt bruk av Fritidskortet og Fritidskortet+.

I planen har ein fått fram det aktivitetstilbodet som finst i kommunen i dag, og kartlagt kva tilbod ein ynskjer å utvikla. Planen skal vera eit strategidokument som omtalar nosituasjonen og som gjer greie for innkomne ynskje frå enkeltpersonar og lag og organisasjonar. Dette for å sikra at tiltaka som vert sette i verk er hensiktsmessige og at det i tillegg vert lagt vekt på kostnadseffektive løysingar.

Langtidsplanlegging for anlegg, både framlegg og planlagde tiltak vert omtala i planen.

Planen er arbeidd fram med eit godt samarbeid med idrettslag, og andre aktørar i det frivillige arbeidet med fysisk aktivitet. Dette samarbeidet er det særskilt viktig å halda fram med, for å nå måla om auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i Fitjar Kommune

### **INNLEIING**

Fysisk aktivitet i befolkninga er viktig. Mennesket si oppleving av glede, meistring og velvære gjennom trening gir positive effektar for den mentale og fysiske helsa. Fysisk aktivitet har og mykje å bety for utvikling av barn sine motoriske dugleikar.

Staten har som mål å leggja til rette for at flest mogleg skal kunne driva med idrett og fysisk aktivitet, med særleg fokus på barn og unge som prioritert målgruppe (St.meld. 26, Den norske idrettsmodellen 2012)

### Fysisk inaktivitet:

Idretten slit med å tilpassa sitt tilbod til ungdom som vil driva idrett, men ikkje på konkurransenivå. Mangel på lågterskeltilbod i idretten vert etterlyst. Desse utfordringane gjeld også for Fitjar, og er viktig å ha med som eit bakteppe når ein planlegg aktivitet for å hindra fråfall i idretten.

Fitjar kommune tek mål av seg å følgje føringane som ligg den statlege handlingsplanen for fysisk aktivitet frå 2020 «Saman om aktive liv» som har som visjon at rørsle og fysisk aktivitet er eit naturleg val for alle gjennom heile livet. Planen har som hovudmål: «Eit meir aktivitetsvenleg samfunn der alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn vert gitt moglegheit til rørsle og fysisk aktivitet»

### **PLANPROSESSEN**

I Fitjar kommune sin planstrategi 2020 – 2023 vart vedteke i sak 54/20 30.09.2020 at plan for idretts- og friluftsliv 2014-2024 skulle fornyast i 2021. Sjølv om det var nokre år att av planperioden vart det sett i gong eit arbeid for å oppdatere planen. Mesteparten av innhaldet er skrive om og nye moment er kome inn i planen. Ein tek sikte på ei konkretisering av investeringar slik at presisjonen i høve til talgrunnlag vert auka.

Arbeidsgruppa for planen vart kalla saman på ny. Gruppa inneheld følgjande medlemmer: leiar i idrettsrådet, dagleg leiar i idrettslaget, representant frå teknisk etat i kommunen og representant frå Stord-Fitjar turlag. Kultursjef i kommunen har leia arbeidet med planarbeidet.

Grunna koronapandemien vart ein del av arbeidet sett på vent ein periode, slik arbeidet vart ein del forsinka.

Den eksisterande planen vart sendt ut til alle lag og organisasjonar, ungdomsråd og eldreråd samt relevante einskildpersonar i Fitjar for å hente inn innspel.

Deretter vart langtidsplanen med ulike tiltak politisk handsama i formannskapet 09.06.2021 lagt ut på 8 vekers høyring med frist 01.08.2021.

### **OVERORDNA MÅLSETJING FOR KOMMUNEN SI SATSING PÅ FYSISK AKTIVITET**

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 er det ei målsetting at det bør vera tilbod om fysisk trening og utfalding for alle grupper, både for funksjonsfriske og funksjonshemma:

*«Det skal vera gode idrettsarenaer i kommunen. Idrettsarenaer skal vera opne og tilgjengeleg for alle grupper, og med universell utforma tilkomst. Dei kommunale idrettsarenaene bør og i framtida driftast av det lokale idrettslaget innan avtalte økonomiske rammer. Driftsforma gjennom idrettslaget er inkluderande og sår eigarskap og interesse for anlegga som idretten disponerer. Det bør vera tilbod om fysisk trening og utfalding for alle grupper, både for funksjonsfriske og funksjonshemma. Kommunen og frivillig sektor vil arbeide for låge kontingentar og varierte tilbod som fremjar deltaking for alle».*



Fitjar idrettshall, Foto: Bente Bjelland

I alle fasar i livet skal vi kunne drive idrett og friluftsliv gjennom trening eller mosjon på fritida. Ein bør søkje å vidareutvikle attraktive aktivitetstilbod og anlegg som svarar til ønske og behov for alle i kommunen

Eit viktig satsingsområde i eit folkehelseperspektiv er i særleg grad å legge til rette for at den store gruppa med friske pensjonistar kan leve aktive liv, oppretthalde god helse og livskvalitet og bidra med egne ressursar så lenge som mogeleg.

#### **Hesledirektoratet sine anbefalingar for fysisk aktivitet i befolkninga:**

Barn/Unge 0-18 år

- Bør vera i fysisk aktivitet minst 60 min. kvar dag
- Minst tre gonger i veka bør aktiviteten vera av høg intensitet som gjev auka muskelstyrke og styrkar skjelettet
- Auka dose gjev større gevinst
- Aktiv etter evne

Vaksne 19-64 år

- Minst 150 min( 30 min pr. dag) moderat intensitet pr. veke eller 75 min høg intensitet pr. veke
- Aktiviteten kan delast inn i bolkar på minst 10 min  
Auka dose gjev større gevinst
- Øvingar som gjev auka muskelstyrke til store muskelgrupper bør utførast to eller fleire dagar i veka
  - Redusera stillesitjing
  - Aktiv etter evne

Eldre 65+

- Minst 150min(30min pr dag) moderat intensitet pr veke eller 75 min med høg intensitet pr veke
- Aktiviteten kan delast opp i bolkar på minst 10 min
- Auka dose gjev større gevinst
- Eldre med nedsett mobilitet bør gjera balanse-øvingar og styrketrening tre eller fleire dagar i veka
- Øvingar som gjev muskelstyrke til store muskelgrupper bør utførast to eller fleire dagar i veka
  - Redusera stillesitjing
  - Aktiv etter evne

### Aktuelle utfordringar:

Auka inaktivitet og overvekt i delar av befolkninga er ei stor utfordring for samfunnet. Samfunnet er organisert slik at kvardagsaktiviteten er kraftig redusert dei siste 20 åra, til dømes gjennom stillesittande jobbar, bruk av bil, og medie- og kommunikasjonsbruk.

Helsedirektoratet rår til at barn og unge er fysisk aktive i minst 60 minuttar kvar dag i gjennomsnitt. Tre av ti vaksne oppfyller Helsedirektoratet si tilråding om å vere aktive minimum 150 minutt per veke med moderat intensitet eller 75 minutt med høg intensitet.

### **BAKGRUNN FOR PLANEN**

Planen skal danne eit grunnlag for den langsiktige planlegginga til Fitjar kommune for områda idrett- og friluftsliv. Planen skal vera eit reiskap for Fitjar kommune for å få oversikt over kva for kortsiktige og langsiktige behov kommunen har når det gjeld anlegg og areal for idrett- og fysisk aktivitet. Planen vert eit overordna politisk styringsdokument. Den skal byggja opp under mål og strategiar som er vedtekne i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planen vil danne grunnlag for gode oppvekstvilkår for barn og unge og bidra til god folkehelse for alle aldersgrupper i Fitjar kommune.

Planen vil svara på dei statlege, regionale og lokale føringane for planfeltet. I tillegg er det lagt føringar frå Kultur- og Kyrkjedepartementet at ein fokuserer på aktiviteten som går føre seg innan idrett og friluftsliv, samt kartlegge aktiviteten til lag og organisasjonar som driv med fysisk aktivitet. Det er lagt særleg vekt på folkehelse og universell utforming.

Det er ein føresetnad for at ein skal ha rett til å søkja spelemidlar frå Kulturdepartementet og fylkeskommunen at ein har ein kommunal plan for idrett og friluftsliv der alle anlegg er omtala. Desse skal registrerast i idrettsanlegg.no. Mål må formulerast slik at dei underbygger statlege og fylkeskommunale føringar.

Planen er arbeidd fram med eit godt samarbeid med idrettslag, Friluftsrådet Vest og andre aktørar i det frivillige arbeidet med fysisk aktivitet.

Planen skal legge grunnlag både for ei kort- og langsiktig utvikling og satsing innan feltet idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Fitjar kommune med hovudfokus på aktivitetar, men òg anlegg. Den skal i tillegg gje tilråding om arealdisponering til kommuneplanen sin arealdel.

Ein tek sikte på eit fireårig, prioritert handlingsprogram som skal rullerast kvart år. Det er lagt vekt på at planen skal vere ein styringsreiskap for å nå kommunen sine mål og satsingsområde. Planen skal rullerast kvart 4. år

### **FORHOLD TIL ANDRE PLANAR**

Fitjar kommune er ein allsidig organisasjon, og andre planar i kommunen vil ha innverknad på kommunal planlegging for fysisk aktivitet og friluftsliv.

Det er difor viktig at dei ulike planane har mål som forsterkar kvarandre og dreg i same retning.

Kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 legg til grunn at store deler fjellområdet, samt store deler av Fitjarøyane, har status som regionalt viktige friområde. Omsynssoner for friluftsliv er vidareført i plankartet, og ein legg vekt på tiltak som fremjar friluftslivet.

Arealdelen legg og føringar for aktivitetsanlegg i utbyggingsområde for bustad, heimla i plan og bygningslova, det er og sett rekkjefylgjekrav til utbygging.

I reguleringsplan for E-39, er det ved Vistvik sett av areal, og opparbeidd P-plass for utfartsområde til fjells.

#### Kommuneplanen for Fitjar, arealdelen:

Det er gjort ei registrering av barnetråkk i kommunen. Barnetråkk er ein metode for å sikre barn og unge sin medverknad i kommunal planlegging. Det er viktig at desse registreringane vert gjort kjent, og at det vert lagt føringar for å sikre areal som i dag vert nytta til fysisk aktivitet og leik.


#### Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040:

Kommuneplanen er eit overordna og langsiktig styringsdokument. Planen er det viktigaste strategiske verktøy når det skal leggjast til rette for ønskt samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon. Den famnar alle sektorar og vil dermed også liggja til grunn for Plan for idrett- og friluftsliv 2022-2025 revidert utgåve.

### **FOLKEHELSE**

Fysisk inaktivitet svekkjer funksjonsdugleiken og aukar risikoen for sjukdom og skader. Mange er heilt inaktive. Forsking syner at ei beskjeden auke i aktivitetsnivået gir inaktive ein stor helsegevinst i form av redusert sjukdomsrisiko, betre livskvalitet og auka funksjonsdugleik i eldre år.

Folkehelsearbeid handlar om å skape gode oppvekstvilkår for barn og ungdom, førebyggje sjukdom og hindre skader, og det handlar om å utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar og beskyttar mot helsetruslar. Dette krev systematisk og langsiktig innsats i alle samfunnssektorar



Bare tre av ti voksne oppfyller anbefalingene om fysisk aktivitet. Blant barn er situasjonen bedre, men aktiviteten synker raskt med alderen. Det finnes en rekke virkemidler for å stimulere befolkningen til å bevege seg mer i hverdagen. (Folkehelseprofilen 2020)

Rettferdig fordeling av velferdsgode er grunnleggjande for god helse i befolkninga. Helseplager knytt til fysisk inaktivitet rammar sosialt skeivt og fører til auka sosiale helseskilnader.

Dei som slit med inaktivitet har og gjerne andre utfordringar, t.d. rus, psykiatri, fysisk eller psykisk funksjonshemming, og vil dermed ha større sjanse for å få fleire år med dårleg helse pga. låg deltaking i tilbod om fysisk aktivitet.

Noreg har slutta seg til WHO's mål om å redusere for tidleg død av ikkje-smittsame sjukdommar med 25 prosent innan 2025 og med 30 prosentpoeng innan 2030.

I tråd med FNs bærekraftsmål for fysisk aktivitet vil dette medføre 10 prosentpoeng reduksjon i fysisk inaktivitet i befolkninga innan 2025 og 15 prosentpoeng reduksjon innan 2030. (Folkehelseprofilen 2020)

Forsking syner at størstedelen av aktiviteten føregår organisert gjennom skule og idrettslag. Aktiviteten fell dramatisk i helgar og feriar i Noreg. Barnevekststudier på landsbasis syner at overvekt og fedme er eit større og aukande problem i bygdestrok enn i bystrok. Ei sannsynleg årsak til det er at fleire i bygdestrok nyttar oftare bil og buss i transport, spesielt på fritida.

Det vil difor viktig å leggje til rette for ein meir aktiv kvardag gjennom trygge gang- og sykkelstiar. Viser til trafikksikringsplanen for Fitjar kommune 2014 – 2022.

Folkehelse i Fitjar jamfør kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040:

Helsa og livskvaliteten til Fitjarbuen blir utvikla der folk leiker, lærer, arbeider, dyrkar fritidsinteresser og bur, gjennom heile livet. Ein god stad- og samfunnsutvikling betrar levekåra til innbyggjarane, og gjer det enklare for folk å ta helsefremjande val. Det styrkjer også evna og viljen til å bry seg om og ta vare på kvarandre og samfunnet me er ein del av. Det er viktig at det vert jobba kontinuerleg med tilrettelegging til at innbyggjarane skal ha god tilgang på tilpassa fysisk aktivitet.

### **Integrering av personar med fleirkulturell bakgrunn:**

Fitjar, som elles i landet, har ein tilstrøyming av arbeidsinnvandring frå andre land. Det har også vorte busett asylsøkjjarar i perioden 2015 - 2017. Idretten kan vera ein god innfallspørt til integrering i bygda. Det er difor viktig å ha med tiltak som fører til inkludering av personar med fleirkulturell bakgrunn.

### **Forventa folketalsutvikling i Fitjar Kommune 2021-2028**

|                   | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|-------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 0-5 år            | 216  | 207  | 202  | 190  | 193  | 191  | 192  | 190  |
| 6-15 år           | 433  | 431  | 425  | 421  | 417  | 412  | 398  | 387  |
| 16-19 år          | 174  | 178  | 180  | 177  | 163  | 162  | 168  | 168  |
| 20-66 år          | 1818 | 1798 | 1780 | 1785 | 1768 | 1770 | 1773 | 1773 |
| 67 år eller eldre | 535  | 555  | 580  | 596  | 634  | 651  | 666  | 690  |

I gruppa 67 år og eldre vil talet auka med 155 personar, slik prognosane syner pr. i dag. Dei nasjonale utfordringane er at me vert fleire eldre, og fleire lever med kroniske sjukdomar og fleire vert ramma av demens og kreft.

Samstundes kan ein mindre del av befolkninga yta omsorg. Det vert viktig at denne store gruppa førebyggjer funksjonsfall med fysisk aktivitet. Det bør difor vera ein auke i tilbod om fysisk aktivitet denne gruppa. I dei andre aldersgruppene går prognosane for folketalet nedover det er uansett viktig å halde tilbod til alle med mål om å oppretthalde ei frisk og sunn befolkning til ei kvar tid.

Her ser ein tydeleg ei utfordring når det gjeld tal på eldre i Fitjar dei neste 7 åra.

### **EVALUERING AV FØRRE PLAN**

Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 2014-2021 har hatt fokus på aktivitet som føregår på idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Den har også hatt fokus på folkehelse og aktivitet for alle.

Den skilde seg tydeleg frå tidlegare planar som hadde som hovudføremål å fremje at utbygging av idretts/friluftsanlegg skulle skje som del av den generelle kommunale planprosessen.

Planen skulle òg vera til hjelp for lag/organisasjonar og kommunen si detaljplanlegging, samt fungere som dokumentasjon for kommune og fylkeskommune/stat i høve til løyvingar til anlegg. Planen skulle òg danna grunnlag for økonomiplan for kommunen i utbygging av anlegg til idrett- og friluftsføremål.

Desse måla vert no ytterlegare skjerpa då alle større prosjekt som krev kommunen sin økonomiske medverknad ved investering og- eller forskottering av spelemidlar, må vera forankra i langtidsplanen. Det er difor særleg viktig at planen vert delrullert kvart 4. år, slik at ein kan få inn nye prosjekt.

### Status tiltak frå plan 2014-2024

|   |                          |
|---|--------------------------|
| <b>Ordinære anlegg:</b>                     |                          |
| Skyttarhus                                  | Utført                   |
| Miniatyrskyttebane                          | Utført                   |
| Rehabilitering av symjehall                 | Utført                   |
| Rehabilitering av kunstgrasbane             | Utført                   |
| Lysanlegg ved kunstgrasbane                 | Utført                   |
| Løpebane dekke                              | Utført                   |
|   |                          |
| <b>Friluftsliv:</b>                         |                          |
| Toalettanlegg Breiavikjo bade plass         | Utført                   |
| Oppgradering Breiavika bade plass           | Utført                   |
| P-plass tursti Dalshaugane til dagsturhytte | Skal utvidast for 2.gong |
| P-plass tursti Rydlandssaga                 | Skal rehabiliterast      |
| Tursti Surefjell                            | Skal rehabiliterast      |
| Balløkke Sælevik                            | Skal rehabiliterast      |
| Ballplass Bakken                            |                          |
| Bade plass Vestbøstad                       | Utført                   |
| Balløkke/akebakke Fitjarstølane             | Utført                   |
| Aktivitetsplass Koløyholmen                 |                          |
| Ballbinge Øvrebygda skule                   | Skal rehabiliterast      |
| Ballbinge sentrum                           | Er blitt fjerna          |
| Ballbinge Vestbøstad                        | Treng rehabilitering     |
| Ballbinge Hageberg                          | Treng rehabilitering     |
| Ballbinge Rimbareid skule                   | Utført                   |
| BMX bane Vestbøstad                         | Utført                   |
| To flytebrygger Smedholmen                  | Utført                   |

|  |        |
|--|--------|
| Brygge Teløy ved tilrettelagt badeplass  | Utført |
| Aktivitetsområde ved rådhuset tr. 1 og 2 | Utført |

Som ein ser av opplistinga har både lag og organisasjonar og kommunen vore aktive i arbeidet med tilrettelegging. Dette gjeld friluftsliv, nærmiljøanlegg, og idrettsanlegg. Godt samarbeid mellom kommunen, lag og organisasjonar og Friluftsrådet Vest ligg til grunn for at desse måla er nådde.

### STATUS IDRETTSANLEGG I FITJAR KOMMUNE

| Anleggstype                          | Lokalisering        | Mål       | Eigar             |
|--------------------------------------|---------------------|-----------|-------------------|
| Ordinære anlegg                      |                     |           |                   |
| Fitjar Kultur- og idrettsbygg (FKIB) | Sentrum             |           | Fitjar kommune    |
| Fotballbane, gras                    | Fitjar idrettspark  | 65 x 105  | Fitjar kommune    |
| Friidrettsanlegg                     | Fitjar idrettspark  |           | Fitjar kommune    |
| Fotballbane, kunstgras               | Fitjar idrettsplass | 60 x 100  | Fitjar kommune    |
|                                      |                     |           |                   |
| <b>Andre komm. Anlegg</b>            |                     |           |                   |
| Tennisbane                           | Fitjar idrettspark  |           | Fitjar kommune    |
| Orienteringskart                     | Rydland/Årbø        |           | Fitjar idrettslag |
| Orienteringskart                     | Tveita/Årskog       |           | Fitjar idrettslag |
| Orienteringskart                     | Midtfjellet         |           | Fitjar idrettslag |
| Orienteringskart                     | Rossnes/sentrum     |           | Fitjar idrettslag |
|                                      |                     |           |                   |
| <b>Innandørsanlegg</b>               |                     |           |                   |
| Gymnastikksal                        | Rimbareid           |           | Fitjar kommune    |
| Gymnastikksal                        | Øvrebygda           |           | Fitjar kommune    |
| Symjehall                            | Rimbareid           | 12.5x8.5m | Fitjar kommune    |
|                                      |                     |           |                   |
| <b>Skytebanar</b>                    |                     |           |                   |
| Skytebane                            | Årskog              | 200m      | Fitjar skyttarlag |
| Skyttarhus                           | Årskog              |           | Fitjar skyttarlag |
| Miniatyrskytebane                    | Årskog              |           | Fitjar skyttarlag |

### Årlege kommunale driftskostnader idrett- og friluftsliv per 2021

| Anleggstype    | Kostnad | Merknad  |
|----------------|---------|--|
| Idrettsanlegg  | 374.856 | Drift/vedlikehaldsavtale med FIL kr. (Gjeld grusbane og grasbane, inkl. bygningar) |
| Friluftsanlegg | 75.000  | Medlemsavgift til friluftsråd  |
| Symjehall      | 430.000 | Drift/vedlikehald Fitjar kommune   |
| FKIB           | 250.000 | Driftstilskot frå Fitjar kommune   |

## STATUS OG BEHOV FOR OPPGRADERING AV ANLEGG

### Idrettsanlegg:

- ✓ Maskinparken består av ein liten traktor med tilhøyrande reiskap, som klippeutstyr- grasoppsamlar- vertikalskjerar, sandutleggjar og gjødselstrøar.  
Maskinparken er oppdatert pr. 2020.  
Det er behov for ny stikkemaskin og sandutleggjar ved Fitjar Idrettspark, dette for og kunne oppretthalde eit godt vedlikehald på grasmatta under sesongen
- ✓ Bygging av nytt garderobeanlegg ved kunstgrasbanen er utført.
- ✓ Lyssetting av kunstgrasbane er utført

### Status O-kart:

- ✓ Nordre Stokken (frå Sælevik til Øvrebygda), Sæterbø og Sentrum/Rossneset treng oppgradering. Utført
- ✓ Det meste av det gamle Fitjar aust er ein del av kartet over Midtfjellet, men mykje av denne delen bør òg synfarast på nytt.
- ✓ Midtfjellet oppgradering med nye vegar og vindmøller er utført.

## KRITERIER FOR SPELEMIDLAR

Handlingsprogrammet for ordinære anlegg og nærmiljø anlegg skal reviderast kvart år og takast opp til politisk handsaming i samband med kommunebudsjettet. I den årlege rulleringa av handlingsprogrammet vil økonomi, tidsplan og meir detaljar om anlegga vere med.

### Prioritering

Når det skal setjast opp prioriteringsliste over anlegg som skal finansierast med spelemidlar og eventuelt tilskot frå Fitjar kommune, må det leggjast stor vekt på at ein satsar på variasjon og breidde over anlegga i kommunen. Anlegg for leik, mosjon og friluftsliv skal prioriterast.

### Spelemidlar

I «Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020-2024» står det følgjande om anleggsutvikling:

Kommunane, i samhandling med idrettsråd, friluftsråd og turlag, må prioritere anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og desse må forankrast i kommunale planar, som gjev eit oversyn over anleggsbehova.

Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen «fysisk aktiv kvar dag» for folk i Vestland. Prioriterte målgrupper i gjeldande planar er barn (6–12 år) og ungdom (13–19 år). For barn er det viktig med anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstillar deira behov for fysisk aktivitet i organiserte og eigenorganiserte former.

**«Det er dei lokale aktivitetsbehova som avgjer kva for anlegg som skal byggast etter visjonen «fysisk aktiv kvar dag».**

### Vilkår for å få tildelt spelemidler

Kulturdepartementet vedtok i 2019 på bakgrunn av «Lov om pengespel» «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2019» Der vert det sett vilkår for å kunne søkje om spelemidler at anlegg er del av en vedteken kommunal plan om idrett og fysisk aktivitet.

Kulturdepartementet sin rettleiar «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» (revidert utgåve 2021) slår fast at det ikkje er formelle krav til korleis planen vert utarbeidd, men prosess og plan skal følge plan- og bygningsloven.

### Lokale retningslinjer for spelemiddelsøknadar:

Alle anlegg som skal søkjast spelemidler for må vera levert inn til annonsert kommunal frist for spelemiddelsøknadar. Fristen vert sett til første halvdel av september. Dette fordi det skal vera rettferdig handsaming av alle søknadar anten dei er kommunale eller i privat regi. Det er viktig at dei kjem inn til oppsett frist slik at dei vert ein del av det andre budsjettarbeidet i kommunen.

Rullering av anleggsdelen av planen skal skje 1 gong i året i siste formannskapet før jul. I denne rulleringa er det prioritering av rekkefølge på innkomne spelemiddel-søknadar som skal politisk handsamast.

Frist for vidaresending av innkomne søknader til fylkeskommunen er 15. januar. Kommunen si prioriteringsliste må vera politisk handsama innan denne datoen for å ha rett på å få spelemidler.

Tilsagn eller avslag vert gjeve i juni/juli. Søknadar som får avslag grunna manglande midlar vert som hovudregel fornya.

### Staten si rolle i anleggsplanlegginga:

Staten har som mål å bidra til bygging og rehabilitering av infrastruktur, slik at flest mogleg kan drive idrett og fysisk aktivitet. Dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidler til idrettsføremål, er barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år). Spelemidler til idrettsanlegg skal bidra til ein infrastruktur som gjer det mogleg for befolkninga å drive både med eigenorganisert aktivitet, og aktivitet i regi av den frivillige, medlemsbaserte idretten.

Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstillar barn sine behov for fysisk aktivitet, blir særskilt prioritert. Når det gjeld ungdom, er det eit mål å utvikle anlegg som tek omsyn til ungdom sine behov for utfordringar og variasjon. Ungdom må få vere med å medverke i utforminga av anlegg. Anlegga bør fungere som gode sosiale møteplassar i lokal-samfunnet (Bestemmelser om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2021 (V-0732 B).

Staten krev som regel at anlegg skal ha universell utforming.

Søknader om tilskot til anlegg, idrett og annan fysisk aktivitet, med aktuelle vedlegg, skal leverast elektronisk gjennom nettstaden [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no).

**Ordinære anlegg:**

Med ordinære anlegg meiner ein anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet. Anlegg må på førehand vere gitt ei idrettsfunksjonell godkjenning av departementet.

Dette gjeld både for nybygg, rehabilitering og ombygging.

Ein kan normalt søke om 1/3 av godkjend kostnad, og maksimalt tilskot er kr 1.000.000. Om ikkje anna er bestemt, er det nedre grense kr 150.000. For idrettshallar og andre større anlegg, er eigne satsar

Til turvegar og turstiar kan tilskotet vere på halvparten av godkjend kostnad, inntil kr 700.000. Leigeavtale av grunn må minst vere på 20 år.

**Nærmiljøanlegg:**

Med nærmiljøanlegg meiner ein anlegg eller område for eigenorganisert, fysisk aktivitet nær bustadområde, og/eller område der folk i alle aldrar ferdast. Med nærmiljøanlegg meiner ein berre anlegg ute.

Søkar må ha rett til bruk av grunnen der anlegget skal plasserast, og avtalen må minst vere på 20 år. Eigar av anlegget pliktar at det er ope for eigenorganisert, idrettsleg, fysisk aktivitet. For nærmiljøanlegg er ramma for tilskot er avgrensa oppover til kr 600. 000.

Nedre godkjende kostnadsramme er kr 50.000. Ein kan søke spelemidlar i inntil tre omgangar (tre byggetrinn).

Nærmiljøanlegg, med ei kostnadsramme over kr 80.000, skal vere med i ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet, og anlegget kan takast med i planen ved rullering av handlingsprogrammet.

For kart er den nedre grensa for godkjend kostnad kr 75.000. Turstiar får 50 % av godkjend kostnad inntil kr 1.000.000.

**FITJAR IDRETTSRÅD**

Alle kommunar med meir enn tre idrettslag er lovpålagt å ha eit idrettsråd. I Fitjar har ein eit idrettslag som organiserer mesteparten av aktiviteten og medlemsmassen innan idrett . Dette syner også tala frå Idrettsregistreringa frå 2021:

| LAG                  | Medlemstal | I prosent |
|----------------------|------------|-----------|
| Fitjar Idrettsråd IR | 775        | 100 %     |
| Fitjar Idrettslag    | 724        | 93,4 %    |
| Fitjar karateklubb   | 51         | 6,6 %     |

I laupet av planperioden frå 2014- 2024 har idrettsrådet fått ei viktig rolle innan idretten på Fitjar. Ein har fått på plass vedtekter som er i tråd med Noregs idrettsforbund sine retningslinjer. Idrettsrådet er velfungerande med eit styre som dekker alle laga i kommunen.

Dei er aktive pådrivarar i kommunen sine planar og er ein høyringsinstans i følgje lover og føreskrifter. Rådet fungerer som eit talerøyr for idrettslaga inn mot kommunal forvaltning og politisk leiing.

Ein har fått i stand ein samarbeidsavtale med kommunen med faste dialogmøte ein gong i året. Møta vert halde om hausten i samband med budsjettprosessen. Idrettsrådet sine medlemmer deltek for idrettsrådet, ordførar og kultursjef representerer kommunen.

Ein deltek jevnleg på samlingar og konferansar der viktige idrettsspørsmål blir drøfta, slik at ein til ei kvar tid er oppdatert på kva som rører seg innan idrett i Norge.

Idrettsrådet er ein naturleg samarbeidspart ved utarbeiding av nye idrettsanlegg og vedlikehald/rehabilitering av gamle. Idrettsrådet må vera ein aktør i rullering av kommunedelplanen for idrett- og friluftsliv.

### **Reint idrettslag/antidoping**

I alle samanhengar ynskjer me sunne og gode idrettsmiljø i Fitjar – både i den organiserte, men og i den uorganiserte idretten.

Bruk av prestasjonsfremjande midlar er ein trussel mot folkehelsa og ein framtidig sunn generasjon. Dopingmotstand er grunnfesta i mange lag og organisasjonar, men sjølv med gode haldningar og verdiar, kan det bli freistande å ta snarvegane for å bli sterkare og slankare og resultatane kjem gjerne raskt i starten. Dessverre er doping ei utfordring i treningsmiljø i Noreg- og ungdom i Fitjar kan også bli lokka til å ta snarvegane.

Difor har Fitjar Idrettsråd hatt fokus på dette i møte der Hordaland Idrettskrets har vore med. Idrettslaga i Fitjar har blitt oppmoda om å bli «Reint Idrettslag». : Fitjar Idrettslag blei registrert første gong som reint idrettslag 21.01.2013 og dette vart fornya i 2020 Fitjar Idrettsråd er også registrert medlem.

Målet er at dei eksisterande idrettslaga i Fitjar vert registrert som reine idrettslag. Fitjar Idrettsråd har som mål å få til informasjonsmøte for ungdom med foredragshaldarar med fagleg relevant bakgrunn .

Målet for Fitjar kommune må vera å ha nulltoleranse for bruk av dopingmidlar, og at dette vert kommunisert i alle lag og organisasjonar som aktiviserer ungdommen.

Det er vorte etablert ei SLT- koordinerings gruppe som er breitt samansett. Gruppa har følgjande medlemmar:

SLT-koordinator, rektor på Rimbareid skule, representant frå Fitjar vgs, leiar helsestasjon, etatsjef for oppvekst og kultur, etatsjef helse og omsorg, koordinator for ungdomsrådet, representant frå næringslivet, nav, leiar frivilligsentralen og politikontakt for Fitjar kommune. Det er naturleg at denne gruppa vert involvert i arbeid med antidoping.

## **ORGANISERT OG EIGENORGANISERT AKTIVITET I FITJAR KOMMUNE**

Føringane frå kultur- og kyrkjedepartementet for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet vektlegg grundig registrering av den fysiske aktiviteten både når det gjeld organisert idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv. På denne måten kan ein lettare leggja vidare strategiar for kommunen sitt engasjement på aktivitetar og vurderingar for anleggsbehovet i kommunen.



*Friidrettsbane/Grasbane, Foto: Bente Bjelland*

### **ORGANISERT IDRETT I FITJAR KOMMUNE**

Idrett vert definert som aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.

#### **Mål:**

Alle innbyggjarane i Fitjar skal kunne oppleve å få drive idrett og fysisk aktivitet. Idretten skal vere ein arena for lek og konkurranse, utfordringar og opplevingar

#### **Satsingsområde:**

Stimulere til at meir informasjon om dei ulike aktivitetstilboda når fram til alle, men med særleg vekt på dei prioriterte målgruppene. Kartlegge behovet for eit breiare aktivitetstilbod innan organisert idrett.

## Fitjar idrettslag (FIL) 2021

| Idrett     | Nivå           | Deltakarar | Trenarar |
|------------|----------------|------------|----------|
| Fotball    | Gutar 10 år    | 15         | 3        |
| Fotball    | Gutar 14 år    | 23         | 2        |
| Fotball    | Gutar 15 år    | 20         | 5        |
| Fotball    | Gutar 11 år    | 9          | 3        |
| Fotball    | Junior         | 19         | 5        |
| Fotball    | Junior         | 12         | 2        |
| Fotball    | Junior         | 0          | 0        |
| Fotball    | Gutar 12 år    | 11         | 2        |
| Fotball    | Jenter 16 år   | 6          | 2        |
| Fotball    | Gutar 16 år    | 13         | 2        |
| Fotball    | Gutar 9 år     | 18         | 3        |
| Fotball    | Gutar 9 år     | 5          | 3        |
| Fotball    | Gutar 9 år     | 4          | 3        |
| Fotball    | Jenter 11 år   | 21         | 3        |
| Fotball    | A-Lag          | 21         | 2        |
| Fotball    | Jenter 15 år   | 0          | 3        |
| Fotball    | Gutar 13 år    | 3          | 6        |
| Fotball    | B-Lag          | 13         | 1        |
| Fotball    | Damer          | 0          | 0        |
| Fotball    | JR-Damer       | 6          | 3        |
| Fotball    | Jenter 14 år   | 14         | 3        |
| Fotball    | Jenter 12 år   | 1          | 3        |
| Fotball    | Jenter 9 år    | 25         | 2        |
| Fotball    | Jenter 7 år    | 26         | 3        |
| Fotball    | Jenter 7 år    | 8          | 3        |
| Fotball    | Gutar 7 år     | 5          | 3        |
| Fotball    | Gutar 7 år     | 1          | 3        |
| Fotball    | Administrasjon | 227        | 0        |
| Håndball   | Jenter 11 år   | 11         | 0        |
| Håndball   | Jenter 11 år   | 11         | 0        |
| Håndball   | Jenter 11 år   | 11         | 0        |
| Håndball   | Jenter 11 år   | 11         | 0        |
| Håndball   | Jenter 11 år   | 11         | 0        |
| Håndball   | Jenter 11 år   | 11         | 0        |
| Håndball   | Jenter 11 år   | 11         | 0        |
| Håndball   | Jenter 11 år   | 11         | 0        |
| Håndball   | Jenter 11 år   | 11         | 0        |
| Friidrett  | Administrasjon | 45         | 13       |
| Turn       | Gym og Lek     | 37         | 4        |
| Helsesport | Helsesport     | 237        | 0        |

|             |                |     |   |
|-------------|----------------|-----|---|
| Helsesport  | Administrasjon | 173 | 0 |
| Badminton   | Aktive         | 14  | 2 |
| Orientering | Under 19       | 21  | 2 |
| Orientering | Over 19        | 15  | 2 |

Fitjar idrettslag har hatt stor nedgang i talet på medlemmer det det siste året grunna Covid-19. Over 80 medlemmer har slutta sidan 2019. Det vert jobba aktivt med å få opp medlemstalet igjen m.a. gjennom portalen aktivitetforalle.no og ordninga med Fritidskortet. Totalt medlemstal per 2021 er 724.

### **Fotball:**

Fotballgruppa har rundt 185 medlemmer per 2020.

Dei fleste av desse spelar i dei aldersfastsette klassane, og er frå 6 år og oppover.

#### Arrangement:

Spar Fitjar Cup, miniturnering med fleire hundre deltakarar.

Dei siste 12 åra har fotballgruppa skipa til TINE fotballskule i byrjinga av sommarferien. Rundt 100 ungar i alderen 7-12 år deltar, under leiing av unge instruktørar frå eigne rekkjer.

Sidan 1992 har fotballgruppa arrangert vintercup, vanlegvis den første helga i november. Wärtsilä Cup blir arrangert i idrettshallen saman med Fitjar kultur- og idrettsbygg kvar vinter



*Kunstgrasbanen, Foto Bente Bjelland*

### **Orientering:**

Ei aktiv og sprek gruppe med ca 15-20 medlemmar pr 2020. Her er det fokus på blant anna turorientering, Fitjarkarusell, finn-fram-dagar og kretsmeesterskap-løp v/Midtfjelletdagen (møllesprinten).

Orienteringsgruppa har og ansvar for den ekstremt populære Stolpejakta som har hatt årlige besøk på over 25.000.

**Friidrett:**

Er ei gruppe som har vokse dei siste åra. I 2013 var det rapportert 26 medlemmar mot det som i dag er vorte 85 medlemmar.

Det er stor aktivitet i friidrettsgruppa, dette strekk seg frå treningar fleire gangar i veka til konkurransar både lokalt og nasjonalt. Det kan nemnast blant anna: Pingvinleikane, Norna Lekene, Stordlekene m.m.

Friidrettsgruppa har også løpsansvar for Midtfjelletdagen - eit arrangement som vanlegvis samlar rundt 700-800 personar til fjells.

Alderstrinnet i friidretten er frå 6 - 17 år. Det er i 2020 også satt i gang prosess med bygging av tidtakarbu, og det har dei seinare året fått på plass større investeringar som kastebur - dette skal være med og komplementera idrettsanlegget og gjere det klart for blant anna stemner i friidretten på profesjonelt nivå.



Foto: Trygve Kvarven

**Badminton:**

Badmintongruppa er lokalisert ved FKIB og trenar 2 gangar i veka. Tilbodet er frå 4. klasse og oppover. Ein aktiv gjeng på ca. 20 personar pr 2020. Dette er eit kjekt tilbod, men har nokre svingingar i medlemsmasse.

Badmintongruppa deltek vanlegvis på Vestlandsmeisterskap årleg - men grunna Covid19 blei ikkje dette arrangert i 2020. Badmintongruppa har også gjort investeringar som proff-nett i idrettshall.



Foto: Trygve Kvarven

**Handball:**

I 2019/2020 sesongen var det 6 påmeldte lag mot NHF og 1 lag for hobbyhandball. Det er også et 1. klasse lag som er eit samarbeid mellom fotball og handball som gjer eit handball/fotball tilbod til 1. klassingar.

Det blir årleg arrangert blant anna HAFO-CUP, Rema1000 fotballskule og ellers kampar i idrettshall v/Fitjar - og ellers kampar/konkurransar. Handballgruppa i Fitjar er svært aktive med ca. 100 medlemmar pr 2020. Som anna idrett er de også svært prega av Covid19 i 2020.

### **Turn:**

Turn er fordelt i liten og stor gruppe, alderstrinn 4-6 år. I samarbeid med Rimbareid Skule har ein ei trening i veka, ei for den store gruppa og ein for den litle. Det er her også gjort større investeringar i form av lekeutstyr for å komplementere gruppe og kapasiteten. Gruppa er godt styrt av leiar og de har hatt ein større vekst de siste åra, medlemstala viser pr 2020 rundt 40 medlemmar i alderen 0-5 år.

### **Treningscenter:**

Idrettslaget kjøpte Fitjar Treningscenter i 2011, og har sidan den gang vore ei undergruppe i Fitjar Idrettslag. Treningscenteret tel rundt 300 medlemmar pr 2020 og er den desidert største gruppa i idrettslaget. Treningscenteret er eit tilbod til medlemmane i idrettslaget og ikkje minst elles bygda Fitjar - og er det einaste centeret på Fitjar. Her er det alt frå daglege gruppetimar til eigentreningsstudio.

Treningscenteret har også tilbod for de eldre, som er blant anna eit ledd i det førebyggjande helsearbeidet.

Dei siste åra har det vore stort fokus rundt dette med folkehelse, ikkje minst idrett og trening kombinert for å prestere, samt redusere risiko for skader - dette har vore svært positivt.

Treningscenteret eit tilbod til seniorar, med eigne gruppetimar for damer og menn. Dette er eit ledd i det førebyggjande helsearbeidet, for å halde den aukande gruppa pensjonistar i fysisk aktivitet lengst mogleg. Dette kan gje gevinst i at eldre held seg friske lenger og unngår funksjonsfall, og at dei er lengst mogleg heimebuande.

Treningscenteret ilag med FIL kan og vera ein arena for frisklivstilbod og ha eit tettare samarbeid med helsetenestene og Frivilligsentral.



Foto: Bente Bjelland

### **Symjing:**

Det er tilbod om offentleg bading ein kveld i veka i bassenget på Rimbareid skule. Tilbodet rettar seg mot barn opp til 10 år i lag med vaksne og

ungdom/vaksen- bading. Idrettslaget har ilag med Frivilligsentralen ansvar for at det er godkjende badevakter som rullerar på den oppgåva.

### **Fitjar Shotokan Karatesenter:**



Foto frå FSK si Facebookside

Fitjar Shotokan karatesenter er ein idrettsklubb i vekst som satsar på barn og ungdom. Dei trenar i gymnastikksalen på Øvrebygda skule. Fitjar Shotokan Karateklubb (Mushin Dojo) utøver shotokan karate do. FSKK er tilslutta JKA Norway, som er tilslutta Japan Karate Association. Klubben har 51 medlemmar.

### **Fitjar skyttarlag**




Foto frå Fitjar skyttarlag si Facebookside

Laget har totalt 200 medlemmer, av desse er 46 under 18 år og dermed i kategorien barn/unge. Aktivitetsnivået har vore høgt siste årene og er aukande blant rekrutt- og senior-skyttarar etter at 15m innandørs skytebane var ferdigstilt hausten 2021.

Første sesong med miniatyrskyting er i gong på den nye 15m innandørsbanen på Årskog med over 40 deltakarar. Det vert arrangert skyteskule med jamne mellomrom.

Aktivitetar skyttarlaget deltar på er m.a. lagmeisterskap, dugleiksmärke, landsskyttarstemne og andre stemner. Jegerprøve (85 stk i 2021)

### **Fitjar Racingteam**

Fitjar Racing team består av rundt 40 aktive medlemmar i alderen 7 – 60 år som driv med bilcross junior, bilcross senior, rallycross og crosskart. Det er ingen aldersgrenser, men motorsportsgreinene har egne aldersgrenser for deltagelse. Fitjar racingteam har vunne fleire titlar i Vestlands- og Noregsmeisterskapet i crosskart og rallycross. Dei heldt eit høgt nasjonalt nivå, spesielt i crosskart. Trening føregår på NMK Vikedal og i Bergen. Reiser elles rundt på løp.

### **Sunnhordland Padleklubb**

Sunnhordland Padleklubb er ein klubb med ca. 60 medlemmer frå Fitjar, Stord, Tysnes og Bømlø. Hovudaktivitetar er kurs, turar og aktivitetsdagar. Dei har i dag ein stall med to barnekajakkar, fire enkle kajakkar og ein tandem som dei nyttar til kurs og låner ut til medlemmar som har våtkort.

### **KRIK**

KRIK- Kristen idrettskontakt) sin visjon er å ta vare på, inspirera og vinna ungdomar til eit sunt og aktivt kristent liv, og skapa eit inkluderande miljø blant ungdomar på Fitjar. Dei ynskjer og å hjelp ungdomane til å vera fysisk aktive både inne i idrettshallen og ute i naturen. KRIK Fitjar har utstyr til idrettsaktivitetar i Fitjar Kultur- og Idrettsbygg. KRIK Fitjar Havkajakk har ein kajakk og ein del padleutstyr.

### **Kulturskule**

Danseundervisning

4 grupper med inntil 15 elevar i kvar gruppe. Kvar gruppe har undervisning i 60 min. Elevane arbeidar med grunnleggande dansetekniske trinn/rørsler samt styrkeøvingar. I tillegg arbeidar dei med koreografiar/dansar som dei opptre med på konsertar og andre arrangement.

### **EIGENORGANISERT AKTIVITET**

Fysisk aktivitet vert definert som eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitetar. Omgrepet femnar og om friluftsliv, og aktivitetar prega av leik.

#### **Mål:**

Alle innbyggarane i Fitjar skal oppleve at det er ulike tilbod for felles fysisk aktivitet som er helsefremjande og skapar trivsel.

#### **Satsingsområde:**

- ✓ Vidareføra tiltak som er oppretta
- ✓ Sikra areal for leik og friluftsliv
- ✓ Vera tilretteleggar/pådrivar i søkjeprosess med nærmiljøanlegg og andre tilskotsordningar.

### **Fredagstrimmen**

Trim for ei lita gruppe mellom kl. 10-12 oppmøte ved Sportellet, Fitjar. Går turar i skog og mark, tilpassa dei med dårlegast form.

### **Godtrimmen**

Dette er fallførebyggjande trening for godt vaksne. Frivilligsentralen sin leiar er instruktør og organiserer dette i Fitjar Kultur og idrettsbygg.

### **Leikeplasstreff**

Aktivitet for føresette og born som vert arrangerert av Fitjar sokneråd. Tiltaka vert drive på frivillig basis, og er ope for alle.

### **Team Fitjar**

Eigenorganisert sykkelklubb der alle som ynskjer kan vera med. Reiser på sykkelløp ilag.

### **Gubbatrim i Øvrebygda**

Eigenorganisert trening av og med vaksne menn i denne krinsen.

### **Aktiv saman**

Aktive Saman er eit samansett tilbod til alle eldre som ønskjer å komma ut og bygge nye sosiale nettverk. I dette prosjektet gjer ein kjekke ting saman som til dømes gå turar o. a. dette er eit samarbeid mellom Fitjar Vgs., Frivilligsentralen og Fitjar kommune. Godtrimmen sorterer også under paraplyen Aktiv saman, det er trim for eldre i regi av Frivilligsentralen.

### **«Modne damer»**

Trim for ei gruppe 20-30 damer i godt vaksen alder og trener god styrke og kondisjonstrening, 2 dagar i veka i idrettshallen. Ansvaret for dette har fysioterapitenesta.

### **Mediyoga**

Medisinsk yoga i regi av fysioterapitenesta ein dag i veka.

### **Nærmiljøanlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet:**

| Plassering              | Aktivitet                 | Eigar          | Driftsansvar      |
|-------------------------|---------------------------|----------------|-------------------|
| Vestbøstad              | Ballplass/Aktivitetsplass | Fitjar kommune | Vestbøstad vel    |
| Fitjarstølane           | Ballplass/Aktivitetsplass | Fitjar kommune | Fitjarstølane vel |
| Bakken                  | Aktivitetsplass           | Fitjar kommune | Bakken vel        |
| Fitjarstølane           | Balløkke/akebakke         | Velforeining   | Fitjarstølane vel |
| Koløyholmen             | Aktivitetsplass           | Velforeining   | Koløyholmen vel   |
| Øvrebygda skule         | Ballbinge                 | Fitjar kommune | Fitjar kommune    |
| Sentrum                 | Ballbinge                 | Fitjar kommune | Fitjar kommune    |
| Vestbøstad              | Ballbinge                 | Velforeining   | Vestbøstad vel    |
| Hageberg                | Ballbinge                 | Velforeining   | Stranda vel       |
| Rimbareid skule         | Ballbinge                 | Fitjar kommune | Fitjar kommune    |
| Vestbøstad              | BMX bane                  | Fitjar kommune | Vestbøstad vel    |
| Rimbareid               | Ballplass                 | Fitjar kommune | Fitjar kommune    |
| Øvrebygda               | Ballplass                 | Fitjar kommune | Fitjar kommune    |
| Sælevik                 | Skuleplass                | Fitjar kommune | Fitjar kommune    |
| Hageberg                | Skuleplass/tennis         | Stranda Vel    | Stranda Vel       |
| Fitjar sentrum/rådhuset | Aktivtetsområde           | Fitjar kommune | Fitjar Kommune    |

Tal for Vestland for 2017 syner at 32% av innbyggjarane over 6 år er aktive i idrett, og det tilsvarar landsgjennomsnittet. I Sogn og Fjordane og Hordaland (no Vestland) er tala høvesvis 41 % og 30%.

For ungdom, 13-19 år er aktivitetsandelen 70 % og landsgjennomsnittet er 59%. Ungdom har hatt nedgang i aktiviteten både for landet samla og fylket som no heiter Vestland.



*Foto: Bodil Haga*

Fitjar kommune er rik på vakker natur som kan nyttast til rekreasjon. Frivillige lag og organisasjonar og enkeltpersonar som jobbar jamt og trutt med merking av turstiar og tilrettelegging for tilgjenge til ulike naturområde.

Friluftsliv er ei viktig kjelde til fysisk aktivitet og rekreasjon. I eit vidare perspektiv er friluftsliv ein sentral del av den norske kulturarven og ei kjelde til flotte naturopplevingar.

Det gjer at friluftsliv er eit viktig bidrag for å kunne nå målsettinga om å legge til rette for fysisk aktivitet for alle.

Fysisk aktivitet i form av friluftslivnår gjerne andre enn den organiserte idretten, og vert difor eit viktig område i kommunal planlegging.

Det å gå tur i nærmiljøet, den enklaste og lettast tilgjengelege av alle friluftslivsaktivitetane Det er difor viktig å legge til rette for fleire turstiar i nærmiljøet.

Friluftslivet er basert på allemannsretten. Den gjev oss rett til å ferdast og opphalde oss i utmark i Norge. Rettigheita er eit gratis fellesgode som er ein del av den norske kulturarven. Allemannsretten gjeld uavhengig av kven som er grunneigar

Allemannsretten er grunnlaget for friluftslivet i Norge, og vert brukt som samlebetekning på rettigheter vi har til fri bruk av naturen. Den gjev mellom anna rett til fri ferdsel til fots og på ski i utmark. De viktigaste reglane om allemannsretten følgjer av friluftslova.

Allemannsretten gjeld for alle og inneheld av rett til opphald (m. a. telting, bading og rasting), ferdsel og hausting. Bruk av allemannsretten er gratis.

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/friluftsliv/friluftsliv-og-allemannsretten/>

Miljøverndepartementet definerar friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøendring og naturopplevingar. Kultur og miljøverndepartementet legg friluftsliv inn i omgrepet fysisk aktivitet.

### **Mål:**

I komande planperiode vil Fitjar kommune leggja vekt på at det skal vera lett å vera fysisk aktiv for alle grupper, gjennom ei særleg satsing på tilrettelegging for friluftsliv. Universell utforming for å få flest mogeleg med på aktivitetar

Det er vorte gjort kartlegging av universell utforming av m.a. bade- og fiskeplassar i prosjektet «Universell utforming i Fitjar 2021» Ein lyt ta sikte på å fortsette dette arbeidet etter kvart som nye tiltak kjem til.

### **Universell utforming**

Fitjar kommune ved kulturkontoret fekk i 2021 prosjektmidlar til å gjennomføre kartlegging av Fitjar sentrum og friluftsområde som t.d. badeplassar og fiskeplassar.

Målet med Universell utforming i Fitjar kommune, er å gjera tettstaden og friluftsområda tilgjengelege for rørslehemma og synshemma. Det vil vera med å bidra til aukande trivsel for alle bebuarane og tilreisande i kommunen.

- ✓ Det skal vera tilgjengelege HC-parkerings plassar både i sentrum og friluftsområda.
- ✓ Det skal vera HC- toalett, benkar i tilknytning til universelt utforma friluftsområde som badeplassar, fiskeplassar og turveggar mm.
- ✓ Offentlege bygg skal vera tilgjengelege for alle og det vert difor sett fokus på tilkomst og inngangspartia etter dagens krav for universell utforming.

Kartleggingsfasen i prosjektet utført og vegen vidare vert å utbetra det som ikkje er innan for dagens krav. Dette er eit prosjekt som treng oppdaterast med jamne mellom mellomrom på kontinuerleg basis. Registringsmetode skal forankrast i dei einingane der registrering universell utforming er relevant.

*(2015–2016)» Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet», prioriterer friluftsliv i nærmiljøet og å auke kvardagsaktiviteten slik at alle kan delta. Barn og unge er prioriterte målgrupper. Handlingsplan for friluftsliv som konkretiserer, utfyller og gir nye tiltak og føringar i høve til stortingsmeldinga. Folkehelsearbeidet skal i følgje Folkehelselova fremje helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar set i verk tiltak og samordnar folkehelsearbeidet*

### Plan for friluftslivets ferdselsårer:

Fitjar kommune ved kulturkontoret delteke i det fylkeskommunale prosjektet Friluftslivets ferdselsårer 2021. Her er det vorte kartlagt kor ein kan finne turruter i nærområda der folk bur og kor ein kan kome seg inn på turstiar utan å måtte gå gjennom innmark. Kartleggingane skal utarbeidast som ein temaplan.

### Anlegg for friluftsføremål

| Anlegg         | Aktivitetar                  | Eigar          | Driftsansvar  |
|----------------|------------------------------|----------------|---------------|
| Friluftsanlegg |                              |                |               |
| Tursti         | Turgåing                     |                |               |
| Smedholmen     | Bading, turgåing, båtutfart. | Stat           | Friluftsrådet |
| Teløy          | Bading, båtutfart            | Stat           | Friluftsrådet |
| Breiavikjo     | Bading, rasting              | Fitjar kommune | Friluftsrådet |

### Nasjonale retningslinjer for nærmiljøanlegg/friluftsliv.

Fleirbruksanlegg: anlegg som kan dekke fleire aktivitetar  
Anlegget bør tilfredsstille fleire alders- og brukargrupper, og fungere som sosial treffstad. Anlegget må ha godkjende tekniske planar og kostnadsoversyn, finansierings-, og driftsplan. Det skal vere tinglyst skøyte, eventuell leigeavtale på grunnen for min. 40 år.

Rehabilitering av anlegg kan prioriterast etter særskilt grunngjeving når det er ei naudsynt og rett investering, og det er dokumentert behov for anlegget i framtida.

Anlegg for leik, mosjon og friluftsliv skal prioriterast uavhengig av idrettsanlegg når det ligg føre konkrete søknader.

## **SIKRA AREAL FOR FRILUFTSLIV OG FRAMLEGG TIL OMSYNSSONER**

Eksisterende omsynssone i følge gjeldende kommuneplan er lagt på områda i øyane som pr i dag er sikra ved eigarskap på Tranøy, Straumøy, Teløy og Smedholmen.

Arbeidsgruppa har desse forslaga til nye omsynssoner:

- ✓ Søndre del av Teløy
- ✓ Vest på Tranøy
- ✓ Søndre del av Ivarsøy
- ✓ Bade- og fiskestader og leikeområder, registrert i barnetråkk.  
Andre leikeområder i nærleiken av byggefelt som bør være i omsynssone:
- ✓ Vestbøstad
- ✓ Fitjarstølane nord/sør
- ✓ Rossneset
- ✓ Sentrum sjøsida planlagt badestrand og rekreasjonsområde (reguleringsplan for sentrum 2021).



*Sentrum sjøsida. Foto: Bente Bjelland*

### **Friluftsrådet vest:**

Friluftsrådet Vest forvaltar for tida desse friområda i Fitjar kommune: Breiavikjo, Dalshaugane (turutgangspunkt med parkeringsplass), Rydlandssago, Smedholmen, Eldøy, Teløy, Tranøy, og Straumøy og Longøy

Friluftsrådet har utført mange tiltak i Fitjar i planperioden:

Opparbeiding Breiavikjo med turvei, brygge, og volleyballbane, flytebryggjer på Smedholmen, tilskott p-plass. Skilta tursti på Teløy. I Vistvik har Statens vegvesen bygd parkeringsplass. Longøya toalett, oppgradering hus, skilting, toalettbygg i Breiavikjo.

Framtidige prosjekt:

- ✓ Tursti og ny bryggje på Straumøy.
- ✓ Nytt toalett på Smedholmen.

### **Stord/Fitjar turlag:**

Stord-Fitjar Turlag er eit lokallag under Bergen Turlag og Den Norske Turistforeining. Føremålet er å stimulera til sikkert og miljøvennleg friluftsliv for alle som bur i, og som vitjar Stord og Fitjar kommune.

Dei viktigaste oppgåvene er å arrangera fellesturar og driva kulturarbeid i fjellet, samt merka, varda og vedlikehalda stiar.

Turlaget skal samarbeida med grunneigarar, lag og organisasjonar som har interesser i same området. Stord/Fitjar turlag arbeider for å sikre turområder mot tekniske inngrep t.d. motorisert ferdsel og utbygging.

Stord/Fitjar turlag har teke på seg ansvaret for drift av dagsturhytta «Tveitaslottet».


### **Tveitaslottet» Dagsturhytta i Tveitakleivo**

Alle kommunane i Vestland fylke fekk tilbod om dagsturhytte til svært låg kostnad i samband ed samanslåing av dei 2 fylka. Fitjar kommune si dagsturhytte ligg i Tveitakleivo og navnet på den er «Tveitaslottet». Etablering av Dagsturhytta i Fitjar kommune er eit viktig førebyggjande lågterskeltilbod som kan bidra til å ivareta god folkehelse for innbyggjarar i alle aldrar.

### **Kveldsturhytta på Tuftelandsfjellet**

Osternes Velforeining har bygd ei hytte på Tuftelandsfjellet som er ope for ålmenta. Dei har kalla den for «Kveldsturhytta» Dette er vorte eit attraktivt mål for turgåarar i området. Dei har og laga ei rundløype i same området.

Tveitaslottet



Kveldsturhytta



Foto: John K. Raunholm

**Smedholmen :**

Bygningane på kystgarden på Smedholmen er vorte freda og restaurerte. Det vert opna for at folk kan leige dei i korte periode for ferie og rekreasjon. Dette gjer at ålmenta får betre tilgang på dette vakre friluftsområdet som er statleg sikra. Ein skal installere utriggarar på den eine flytebrygga, slik at det vert god tilgang på kaiplass også for mindre båtar.



Smedholmen. Foto Bodil Haga

## **OMRÅDE FOR FRI LEIK OG FRILUFTSLIV**

### **Barnetråkk**

Kommunane er i plan- og bygningslova, kapittel 5: Medverknad til planlegging, pålagt å syte for at barn og unge deltek i kommunal planlegging.

Barnetråkkregistreringar er gjennomført ved alle skular og barnehagar i Fitjar kommune. Desse registreringane inneheld kartfesting av gang og sykkelveg (skule og fritid). Det viser òg kva for område som vert brukt i løpet av året og kva for fritidsaktivitetar dei er eigna til, samt kva for stader barn og unge likar og ikkje. Dette er ein del av kommuneplanen sin arealdel vedlegg nr. 4.

Det er viktig at ein tek særleg omsyn til det som er registrert i dette dokumentet. Særleg viktig er det å ivareta bade- og fiskestader og særskild eigna leikeområder.

I friluftsrådet si uttale til kommuneplanen, areal for fri leik i bustadområda, (3.1 føresegner og 8.8 barn og unge i planomtalen) tilrår dei at i samband med arealdisponeringa i tilknytning til bustadområde og oppvekstområde for barn, er det viktig å sikra at det blir sett av tilstrekkeleg naturareal til fri leik i nærleiken av bustadane. Det er og viktig at desse areala har gode naturkvalitetar som haug og hammar slik at dei blir eit utfordrande miljø for naturleik for ungane.

### **Badeplassar**

Det er av stor verdi å ha gode bade- og rasteområde i nærleiken, som ein ikkje treng båt for å komma fram til.

Det er sikra 4 bade- og rasteområde med til saman ca. 410 dekar i Fitjar: Smedholmen og Svelto, ca. 300 dekar. Søre Teløy ved Pilapodlen, ca. 100 dekar. Breiavikjo i nordenden av Storavatnet, ca. 10 dekar.

Det er per i dag berre 1 av desse som er universelt utforma.

Mål: Universell utforming av fleire bade- og rekreasjonsstader i Fitjar kommune i planperioden. Viser til prosjekt «Universell utforming i Fitjar 2021».

### **Fiske:**

I Fitjarøyane og langs Selbjørnsfjorden finn ein mange gode fiskestader.

Huldabrote nord for Sigleodden, Leiarholmsrøve, nord for Leiarholmen, Håskjerstadlane, på aust sida av Fodnatongen, og Osternesrøve, nord for Vartongjen. Vest i havet finn ein og ei rad fiskeplassar som td.

Skarholmshammaren, Pershammaren, og Taragrunnen, sistnemnde ligg om lag 1 mil vest i havet.

I Storavatnet vert sportsfiske organisert av grunneigarlaget. Ein får kjøpa fiskekort hjå Larsen multihandel AS.

Det er ope for fiske heile året i Kjærelvo, som renn ut frå Storavatnet, elva er rik på fisk som kjem opp frå sjøen når det er god vassføring. Grunneigaren sel fiskekort til sportsfiskarar, og elva plar vera oppteken mesteparten av sesongen.

Gjennom Fitjar fjellsameige kan ein gratis låna båt og garn for fiske i fjellvatna Kidnavatnet, Botnavatnet og Klovs kardvatnet. Informasjon og tinging av båt gjennom facebookside « Båtar og fiske i Fitjarfjellet»

Mål: Universell utforming av fiskeplassar i tråd med prosjektet «kartlegging av universell utforming i Fitjar kommune i løpet av planperioden.

### **Merka og rydda turstiar:**

Fitjar Kommune har i samarbeid med Stord Kommune og Stord-Fitjar turlag hatt eit prosjekt som har auka merkinga av fleire turstiar i fjellet og i nærområdet . Dette var ein del av det nasjonale turstiprosjektet (Vestlandsprosjektet).

Dette arbeidet er vorte gjort for å gradere turane i ulike vanskegrad og lengde. Det er gjort eit godt arbeid for å få med lågterskelturar som kan høva for dei som ikkje er vant med å gå tur i fjellet. Målet er å få fleire ut på tur, og at dei skal oppleve rekreasjon og fysisk aktivitet i den flotte naturen fjella på Stord og Fitjar har å by på.

Dei nye turstiane er skilta og merka etter ny internasjonal merkestandar, som synleggjer kven turane høver for. Merkehandboka ligg på fylkeskommunen sine heimesider. (<http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Idrett-og-friluftsliv/Friluftsliv/>)



*Foto: Bodil Haga*

Turane som er merka med nasjonal merkestandar er:

- ✓ Kulturløypa i sentrum
- ✓ Rimbareid - Botnavatnet.
- ✓ Dalshaugane - Klovskarfjedlet- Melen.
- ✓ Sælevik - Fiskanaset.
- ✓ Tursti på Tranøy infoskilt.
- ✓ Tursti på Fodno
- ✓ Vekslio - Njoten.
- ✓ Sælevik - Svartasmoget- Skaravågen.
- ✓ Vistvik-Tindane
- ✓ Rydlandsaga - Morkavatnet - Barlindvatnet

### **Andre ferdige friluftstiltak :**

- ✓ Gapahuk ved Rydlandsaga, Dåfjorden og Kvednavatnet.
- ✓ Bru over Tinnselvo ovanfor Rydlandssaga
- ✓ Gapahuk i Rossneset (Konsualtet)

### **INNSPEL OM PLANLAGDE TILTAK FRÅ LAG OG ORGANISASJONAR**

Ein har lagt særleg vekt på innspel frå lag og organisasjonar.

Tiltak og innspel som er komne inn i samband med planarbeidet er både interessante og engasjerte.

Ein vurderer det slik at lag og organisasjonar må leggje ned eit god arbeid med omsyn til økonomi og dugnadsinnsats for å få realisert sine prosjekt.

Det er høve til å søke om spelemidlar til dei fleste tiltak, og prioriteringsliste for spelemidlar vert politisk vedteke ein gong i året.

Kommuneøkonomien vil vera avgjerande for i kva grad kommunen kan gå inn med midlar til dei ulike tiltaka. Ein kan difor ikkje garantere kommunen si medfinansiering til tiltak som er teke med planen.

Det er høve til å søkje forskottering av spelemidlar frå kommunen, sidan det eit langt etterslep på utbetaling av spelemidlane.

### **Planar for friluftslivstiltak:**

#### Stord/Fitjar turlag:

Det skal investerast 5 nye tavler pris 75 000,- på Dalshaugane (like dei som er plassert med Olstjødno), det skal også skiltast på nytt 100-150 skilt à kr. 500 pr. stk. 75 000,- Her kjem det dugnads bidrag frå turlaget. Totaltpris: 300 000,- Utbetring av sti til dagshytta, avtale med grunneigarane er på plass.

Utbetring av tursti og parkering ny parkering, stygg utkøyrsel ved Rydlandssago

### **Tiltak under planlegging:**

- ✓ Opparbeiding av parkeringsplassar der turane startar skal prioriterast framover, i samarbeid med Friluftsrådet Vest.
- ✓ Leggja til rette for fleire turar rekreasjonsområde i Fitjar som er eigna for funksjonshemma og eldre. Dette i tråd med prosjektet «kartlegging av universell utforming 2021 i regi av Statens kartverk, som Fitjar kommune har tatt del i.

### **Turar og andre prosjekt som skal utførast i løpet planperioden:**

#### **Stord/Fitjar Turlag og Fitjar kommune.**

- ✓ Kulturløypa i sentrum skal forlengast til å omfatta den gamle «Likvegen» til Vestbøstad og kolerakyrkjegarden.
- ✓ Parkeingsplass ved turstien Rydlandsaga – Morkavatnet - Barlindvatnet.
- ✓ Øvrebygda – Surefjellet oppgraderig og ny skilting.
- ✓ Rundløypa frå Sentrum via Moahagen sette opp skilt.
- ✓ Rydlandsago sti til gamlesaga skal oppgraderst og merkast betre.
- ✓ Oppgradering av tursti Dalshaugane og ny bru.
- ✓ Oppgradering av tursti i Rossneset.

### **Dåfjorden velforeining**

Utviding av parkeringsplass til rundløype Svartasmoget, her er det hogge skog og klargjort. Finansiering tilskotsmidlar og dugnad.

### **Dåfjorden utvikling**

Nytt underlag under deler av leikeområda og skuleplassen, nytt fallunderlag under leikeapparat, nytt klatrestativ, sykkelstativ med tak, minitrampoline, ny trapp/oppgradering av trapper, benkar med bord, pynte/balansekuler, tuftepark (denne ligg inne i kommunalt budsjett)

### **Øvrabygdo velforeining**

Konkrete tiltak i bygda: Utbetring av veg/sti til Surefjellet, det må leggest ny grus på vegen, det er eit ønske om tilrettelegging for rullestol brukara.

Finansiering: Spelemidlar og dugnad (forskottering Fitjar kommune)

Nye skilt må settast opp. Sitjegrupper/ benker treng vedlikehald og i tillegg skal det setjast opp ei ny sitjegruppe.

Kunststi på vegen til Surefjellet langsiktig mål 2025

Skilting og merking av sti til Lio og Hellandspresten, sikring av gruver (her må ein setta opp gjerde.) etter avtale med grunneigar

### **Vestbøstad velforeining**

Velforeininga har planar om merking av turstiar, utbetring av gamle skulevegen, rydding av strandområdet, sandvolleyballbane bak badestranda. Tursti langs sjøen.

### **Tiltaksgruppa for Midtfjellet**

Utviding av parkeringsplass, Bane for frisbeegolf, toalettanlegg, utandørs treningspark, sykkelløyper, skiløyper og akebakke.

Viser elles til tiltaksplanen for Midtfjellet:

Frå tiltaksplanen for Fitjarfjellet som Fitjar Kommune og Fitjar fjellsameige står bak har kome med forslag til tiltak i dette området:

- ✓ Lysløype ca. 2,5 km Utført
- ✓ Akebakke/liten slalåmbakke med enkelt skitrekk Ikkje utført
- ✓ Skeisebane Ikkje utført
- ✓ Feltskytebane Utført
- ✓ Båt i Midtvatnet Utført
- ✓ Sykkelløyper Planlagt
- ✓ Tilrettelegging for bading i fjellvatn Ikkje utført
- ✓ Naturleikeplass, Ikkje utført
- ✓ Oppvarma basseng. Skal ikkje gjennomførast

Sjå elles heile planen for meir utfyllande opplysningar.

<http://fgl.no/wp-content/uploads/2013/03/TiltaksplanforFitjarfjellet1.pdf>

### **Smedholmen Kystlag**

Vassleidning frå land og til Smedholmen med kostnad på om lag kr. 400 000,-.

## **Ungdomsrådet**

Ulike sykkelprosjekt:

Er ikkje finansiert, mogleg framtidig samarbeidsprosjekt:

- ✓ Kupert løype, (slik dei har i Trysil)
- ✓ Down hill
- ✓ Trixebane for sykkel i sentrum.
- ✓ Skaterampe i sentrum

## **Fitjar idrettslag:**

### **Fotballgruppa:**

Fotballtennisbane, utandørs treningsapparata, tennisbane og skatepark, samt oppgradering av området med parkeringsplass og gangveier/tursti.

Dei ynskjer å etablere ei prosjektgruppe i lag med idrettslaget og kommunen for ein endeleg plan og gjennomføring. Dette vil fotballgruppa jobbe med for å få til.

Det som er skissert omfattar aktivitetar som treffer mange og ein ser området ideelt for utvikling til ein miljøpark. Klubbhuset er bygd ut med samlingslokale.

### **Friidrettsgruppa:**

Friidrettsgruppa har som mål å ferdigstilla den påbegynt tidtakarbua (denne vert bygd på dugnad) Bua skal brukast til å lagra utstyr i. Dei har eit ynskje om å få seg tidtakar utstyr og utstyr til å kunna ta målfoto med. Dei ynskjer å arrangera stemne.

Dei har fått 60 000,- frå Sparebanken Ildsjelfondet (desse pengane er øyremerka tidtakarbu og tidtakarutstyr). Det er søkt om spelemidlar til tidtakarbua. Idrettslaget finansierer eigendel sjølv.

### **Fitjar Shotokan Karatesenter:**

Ynskjer å rekruttera fleire medlemmar. For å få dette til treng dei transportordning frå sentrum 15min. før treningstidene. Klubben har trening 2-3 dagar i veka med 2-3 økter pr. dag. Det som er utfordringa til medlemmane er transport til og frå trening, då medlemmane kommer frå Dåfjorden , Vestbøstad, sentrum mm.

### **Utvida fleirbruksanlegg (FKIB)**

Representantar for FIL og FKIB har kome med innspel om utvida areal for å gi plass til nye idrettar. Det er i dag ikkje moglegheit for å gi tilbod til nye idrettar innandørs i FKIB, utan at det går utover eksisterande aktivitet. Ein ynskjer difor eit nytt bygg, eller utviding av Fitjar Kultur-og idrettsbygg. Ei uprioritert ynskeliste og eit langsiktig visjon her er symjebasseng, squashbane. Eit anna ynskje er å lage eit aktivitetsområde med m.a. tuftepark på den sida av kulturhuset som vender opp mot vegen.

### **Innspel frå einskildpersonar i Fitjar:**

- ✓ Pumptrack
- ✓ Sykkelstiar i fjellet
- ✓ Skateramper

## **PRIORITERT HANDLINGSPLAN 2022-2025:**

### **2022:**

#### E-sportanlegg:

Fitjar kommune skal tilrettelegge for- og stå for finansiering av eit permanent E-sportsenter. Ein skal byrje med utgreiing om prosjektet i slutten av 2021. E-sportsenteret er i kategorien nærmiljøanlegg. Totalprisen vert på kr. 400 000,-, kor av kommunal eigendel vert kr. 200 000,- og kr. 200 000,- vert finansiert av spelemidlar.

#### Dagsturhytte i Tveitakleivo:

Vestland fylke tok initiativ til at alle kommunane skulle få tilbod om dagsturhytte til svært låg kostnad. Det vart vedtatt i kommunestyret at Fitjar kommune skulle ha ei slik med toalettfasilitet. I investeringsbudsjettet ligg den inne med totalkostnad 1 350 000. Kommunen sin eigendel er kr. 460 000,-. Det vert søkt spelemidlar 1/3 av totalsum kr. 450 000,-.

#### Treningsapparat ved Helsesportløypa rundt Olstjødno:

Fitjar idrettslag har fått kr. 50 000,- frå Sparebanken Vest til treningsapparat. Det skal søkast spelemidlar 50% for totalpris kr. 100 000,- Fitjar kommune forskotterer eigendelen på kr. 50 000,-.

#### Rehabilitering av toppdekke i ballbinge på Øvrebygda skule:

Ballbingen stod ferdig i 2005. Banedekket er no vorte utslitt og dekke vert svært glatt når det vert vått. Det skal søkast spelemidlar 50% for totalpris kr. 120 000,-. Fitjar kommune sin eigendel vert kr. 60 000,-.

#### Rundløype i Osternes i regi av Osternes velforeining:

Rundløypa er sett i samanheng med «Kveldsturhytta på Tuftelandsfjellet» Løypa er påbyrja. Det skal søkast spelemidlar til turløypa for ordinært friluftslivsanlegg 1/3 av totalt kr 1.476.236,-. Finansiering Osternes velforeining.

### **2023:**

#### Oppgradering av gymsal Rimbareid skule:

Gymsalen på Rimbareid skule er gammal og nedsliten. Ein gjer investeringa over 2 år. Det skal i 2023 søkast spelemidlar for ordinært idrettsanlegg 1/3 av summen for kr. 8. mill.

#### Oppgradering av tursti frå Dalshaugane til dagsturhytta i Tveitakleivo:

Turstien er svært sørpete på deler av strekket og den må drenerast og grusast. Det vil også verte behov for å lage ny bru over elva. Det skal søkast 1/3 av totalsum på kr. 700 000,- for ordinært idrettsanlegg.

### **2024:**

#### Oppgradering av gymsal Rimbareid skule:

Det skal søkast spelemidlar for ordinært idrettsanlegg 1/3 av summen for 2024 kr.7. mill.

#### Øvrebygda Arena:

I samband med eventuell nedlegging av Øvrebygda skule vil ein etablere eit uteaktivitetsområde ved bygningane slik at staden fortsatt skal vera attraktiv for innbyggjarane i Øvrebygda og andre. Det skal søkast spelemidlar for nærmiljøanlegg kr. 300.000,- av totalsummen kr. 600.000,-.


Tuftepark ved Selevik skule:

Dåfjorden utvikling har kome med innspel om tuftepark ved Selevik skule. Dei eksisterande leikeapparata er gamle og slitte og det er behov for noko nytt og meir moderne. Det skal søkjast spelemidlar 50% til nærmiljøanlegg for totalsum på kr. 300 000,-. Kommunal eigendel vert kr. 150 000,-.

### Investeringar for planperioden 2022 – 2025

Gjeld kommunale investeringsprosjekt

| Omtale  | Samla beløp | 2022    | 2023      | 2024      | 2025 |
|---|-------------|---------|-----------|-----------|------|
| Renovering gymnastikksal Rimbareid                    | 15.000.000  |         | 8.000.000 | 7.000.000 |      |
| Utvida/tryggja parkering Selevik skule                | 1.000.000   |         |           | 1.000.000 |      |
| Øvrebygda Arena                                       | 1.050.000   |         |           | 750.000   |      |
| Tuftepark Selevik                                     | 300.000     |         |           | 150.000   |      |
| E – sport anlegg                                      | 400.000     | 200.000 |           |           |      |
| Rehabilitering tursti – Dalshaugane til Tveitaslottet | 700.000     |         | 150.000   |           |      |
| Treningsapparat Olstjødno                             | 100.000     | 100.000 |           |           |      |



FITJAR-LAN, Foto: Bente Bjelland

### AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Som det går fram av dette oversynet i planen, så har Fitjar eit omfattande tilbod i forhold til innbyggjartalet.

Det er viktig at kommune, Frivilligsentral samarbeide med frivillige lag og organisasjonar om å fortsette å arrangere fritidsmesse, der tilbod om fysisk aktivitet må vera godt synleg.

Desse tiltaka vil vera viktige med tanke på å nå alle frå andre land og kulturar som bur i bygda, slik at dei får informasjon dei forstår og kan gjera seg nytte av.

Det gode samarbeidet mellom kommunen og lag og organisasjonar generelt i Fitjar er særst viktig å halda fram med. Då har ein håp om nå måla om auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i Fitjar Kommune. For å nå desse måla må ein sikre ein kontinuerleg prosess gjennom heile planperioden

### **Styringsdokument:**

Kommuneplan samfunnsdel Fitjar kommune 2020-2040

Kommuneplan arealdel

Styringsdokument: Meld. St. 34 (2012-13) Folkehelsemeldinga; God helse – felles ansvar

Nasjonal transportplan (2010-2019) herunder nasjonal sykkel- og gåstrategi

Nasjonal handlingsplan for statlig sikring av og tilrettelegging av område (2014-20)

Stortingsmelding 18 (2015–2016)» Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet»,

Fleire gode levekår for alle- regional plan for folkehelse 2014-2025

Fylkesdelplan 2008-2012; Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

«Samhandlingsreformen»

Sammen om aktive liv Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029

Lov om folkehelsearbeid av 01.01.13

St.meld. 26, Den norske idrettsmodellen

Folkehelseprofilen 2020

Vestland fylkeskommune: Planprogram regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035 .